



Aek.no. 414.3

Bergen, 20.08.1986  
OM/LM

SØKNAD OM MELLOMBELS KONSESJON FOR Å FISKA MED SNURREVAD FOR  
FARTY PÅ 27,5 M S.L. ELLER STØRRE.

Vi viser til kgl.res. 25. juli 1986 om mellombels  
konsesjonsordning for å fiska med snurrevad (jfr. J-melding  
101/86).

Konsesjonsordninga gjeld for farty på 27,5 m s.l. eller større.  
Farty i denne storleikgruppa vil få mellombels konsesjon dersom  
eigaren har fiska med snurrevad og levert fangst eitt av åra  
1984, 1985 eller før 1. juli 1986. Fiskeridepartementet kan gje  
dispensasjon frå kravet om tidlegare deltaking.

Til søknaden kan ein nytta skjema for "Innføring i  
merkeregisteret m.m.". Skjema får ein hjå fiskerirettleiaren.  
Søknaden må sendast gjennom fiskenemnda og fiskerisjef til  
Fiskeridirektoratet.

Fiskerirettleiaren må stadfesta opplysningar om tidlegare  
deltaking og fangst.

Opplysningar i søknaden om dispensasjon frå kravet om tidlegare  
deltaking må dokumenterast.

Søknader må sendast snarast og helst innan 15. september 1986.

-----